

SKULEREGLEMENT FOR RUBBESTADNESET SKULE

Alle elevar, tilsette på skulen og foreldra har eit felles ansvar for at:

“På Rubbestadneset skule skal alle oppleva respekt, tillit og klare forventningar i eit trygt og motiverande miljø.”

Retningslinjer for arbeidet (Gjeld i skuletida, og på SFO skuleturar/arrangement og på veg til og frå skulen):

1. Alle skal arbeide for eit godt læringsmiljø der alle er høflege og snakkar fint til og om kvarandre. Me har nulltoleranse for mobbing.
2. Alle skal vere førebudde til timane, møte i rett tid og ha med seg det dei treng. Dersom eleven kjem for seint, eller møter ubudd skal skulen ha melding.
3. I skuletida skal alle vera innanfor skuleområdet dersom ikkje anna er avtala.
4. Godteri/søtsaker kan me berre ha med ved særleg løyve.
5. Det er forbode å røykje, snuse eller nytta rusmiddel på skulen sitt område, i skuletida eller på skulen sine tilskipingar på kveldstid.
6. Alle skal kaste avfall i bosskorger, inne og ute. Me må ta godt vare på skulen sine bygningar, utstyr og skuleområde og ikkje drive hærverk på desse.
7. Den som har lånt bøker, datamaskinar eller anna utstyr av skulen har ansvar for dette. Bøker som skal brukast over fleire år skal ha bokbind. Ein skal følgje eige reglement med samtykke frå førsette for lån av ipad og pc for bruk heime og på skulen.
8. Ytterklede og sko skal vere på gangen der det er praktisk mogeleg
9. Romma skal vere rydda og i fin stand etter bruk. Alle har ansvar for å halde orden på sin arbeidsplass.
10. Ingen skal sykle, bruka rullebrett, rullesko eller rulleskøyter på skuleområdet i skuletida. Ein kan nytte skulen sine sykklar på sykkelbana. Dette gjeld òg ved bruk av elektriske utgåver.
11. Det er berre lov å kaste snøball på merka blinkar ute.
12. Private PC’ar, Ipadar og mobilar kan nyttast etter avtale med lærar. Mobilar og smartklokker skal ikkje nyttast eller vere synlege i skuletida. Dersom mobil eller smartklokke forstyrrar undervisninga, kan lærar samle inn og levere ut når skuledagen er over.
13. Der ikkje anna er sagt gjeld “forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Bømlo kommune”.

Skulereglementet omfatt òg følgjande skriv:

1. Opplæringslova og Forvaltningslova.

2. Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Bømlo kommune.

Barn og føresette kan gjerast økonomisk ansvarleg for skadar og handlingar som barna valdar etter skadeerstatningsloven § 1-1 og 1-2.

Sanksjonar:

- Irettesetting og tilsnakk
- Munnleg- / skriftleg melding heim
- Inndraging av utstyr t.d. mobilar og leikar som uroar og blir brukt utan løyve, for ein skuledag
- Alternativ aktivitet/undervisning
- Bortvising

Revidert og Vedteke i SU 29.09.20